



Klart for det fyrste hivet frå Sørstølen til Musland.

Med bakgrunn i skred og erosjon i Eikeelva og dermed dårleg vasskvalitet vart det hausten 2016 lagt ein fir toms slange på overflata frå Flåtene til Sørstølen på Eik. Det var tenkt å vera ei mellombels løysing med vassforsyning i den tida det var plastring og førebygging i elva. På overtid er vassleiningen no fjerna frå Eikedalen og transportert med helikopter til Haugland og til Musland og skal brukast på nytt.

Vassleingingen har delvis lege i turstien frå innom Sørstølen mot Flåtene. Avtalen med grunneigar var at slangen skulle fjernast straks arbeidet i elva var gjort og når vatnet på nytt var stabilisert og reint. Slangen har etter det vore i beredskap dersom det skulle skje noko uventa med elveløpet.

Det var helikopter frå Kinsarvik som i går i fire hiv fjerna slangen frå Eikedalen. Før det var leidningen dregen

ned på Sørstølen og kapp i lengder på kvar 150 meter. Den totalt 1200 meter lange slangen vart dermed laga til i 8 lengder og gjort klart med 2 slangar i kvart hiv.



[Arkivbilete frå oktober 2016](#) då slangen vart lagt i Eikedalen, frå Flåtene til Høgdebassenget på Sørstølen.

Grunneigar Kjetil Fossheim på Musland inngjekk ein avtale med Uskedal Vassverk om å overta slangen verderlagsfritt mot å ta alle kostnader med fjerning og transport. Sjølv trong han 600 meter, resten vart levert til Lars Haugland.

Så langt vi kjenner til, skal Kjetil Fossheim bruka vassleidningen ved bygging av minikraftverk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal.

Foto: Lars Haugland/ Kristian Bringedal